



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/600 - 18/4624

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
02.03.2018

Høyringsbrev - GBNR 30/1 m.fl. - Søknad om dispensasjon frå arealformål i KPA - Utbetring og omlegging av Håtuftvegen

Saka gjeld:

Meland kommune har søkt om dispensasjon for utbetring og omlegging av ein del av Håtuftvegen (kommunal veg, gbnr 30/14) i samband med legging av nye vass- og avlaupsleidningar. Arealet som omlegginga skal gå over har status som LNF-område i kommuneplan for Meland kommune 2015-2026. For å få gjennomført omlegginga av Håtuftvegen søker Meland kommune som tiltakshavar om dispensasjon frå LNF-formålet for frådelling og opparbeiding av Håtuftvegen i ny trasè. Omlegginga vil omfatte GBNR 30/1, 30/3, 30/4, 30/9, 30/10 og 30/14 i henhold til kartvedlegg 1.

Tiltaket er nærare skildra gjennom dispensasjonssøknad datert 28.02.2018 og kartvedlegg. Dokumenta ligg ved.

Nabovarsling:

Naboane blei nabovarsla 1.3.2018. Det blir vurdert som forsvarleg å sende saka på høyring i merknadsperioden.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikke gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Med tilvising til grunngevnaden i dispensasjonssøknaden er administrasjonen i utgangspunktet positiv til dispensasjon, men vil sjølvstilt vurdere eventuelle nabomerknader og/eller høyringsuttaler som kjem inn.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå arealformål landbruks-, natur- og friluftsområde(LNF)for frådelling og opparbeiding av Håtuftvegen i ny trasè

Vedlegg 1 - Kart omlegging vegtrasè